



Trygve Haugland gav festlyden eit flott ekstrainslag då han trekte fram munnspelet.

Den tradisjonsrike julefesten i Vonheim vil bli hugsa ekstra godt dette året. I tillegg til dei faste gode innslaga, bidrog 90-årige Trygve A. Haugland i to programpostar som publikum sette svært stor pris på. Den fullsette salen fekk oppleve han både som munnspejar og som formidlar av historia til Vonheim og til denne festen. Elles var det mykje kjekt på programmet på festen.



Det var fullt på alle stolar då Tor Ove Haugland ønskte velkommen



Kusinene Nora og Ida les juleevangeliet.

Frammøtet var så godt at arrangørane sette fram ekstra stolar før Tor Ove Haugland ønskte velkommen. Musikklaget innleia programmet med julemusikk slik dei har gjort på alle festane frå 1987. Deretter var det klart for juleevangeliet som vart fint framført av kusinene Nora Huse Kristoffersen og Ida K. Øyjord.

Etter dette fekk vi eit svært interessant 'historisk kvarter'. Tor Ove Haugland var intervjuar og bestefar hans Trygve Haugland fortalde om historia til forsamlingshuset Vonheim frå det først var stall i Sandvikjo, vidare til det fungerte som ungdomshuset Helgheim nede i bygda til det enda opp der det no står i 1934. Han hugsa flyttinga godt, og fortalde mellom anna at han som liten gut sat på lasset då materialane vart frakta med hest og kjerre til Haugland der huset vart bygd opp att etter 'ein dugnad til tusen'!

Han kunne og fortelja at han hadde høyrte at det hadde vore strid om plasseringa. Først var det meininga at det skulle plasserast der utfloren til Steinar og Cathrine Haugland står, men då kom det protestar frå øvre delen av dalen. Etter oppmåling vart huset plassert der det står i dag, Tomten vart kjøpt av Kristoffer Haugland (bruket som Bjørn Egil Haugland eig i dag), og etter det Trygve hadde høyrte var det kona til læraren Andreas Haugland som betalte tomten med 500 kroner. Det var også usemje når det kom til lovar, og det var ein ganske heit strid. Noko av dette gjekk på om det skulle vera bedehus elle grendahus.



Det var svært interessant å høyra då Trygve fortalde historiske glimt i samtale med sønnesonen Tor Ove

Julefestar har det vore kvart år heilt frå starten. Trygve meiner den første var for 82 år sidan. Det var læraren som styrte med festane. Dei starta alltid med juleevangeliet. Han fann og alltid noko til opplesing i julehefte, og elles var det alltid mykje song. Første tida utgjorde alltid elevane på skulen songkor. Trygve var med alt på første festen, og han minnest då dei var 11 elevar i koret rundt 1940 og song trestemt under nemnde lærar Haugland si leiing. Det var ikkje stopp i julefestane i krigsåra.

Juletregang høyrde med, og dei var ofte 3-4 ringar rundt treet. Festen vart alltid avslutta ved at dei stod rundt treet og song siste verset av No koma Guds englar.

Det var også andre årvisse festar i Vonheim som var svært mykje brukt første tida, - m.a. haustfestar. I den samanheng kunne han fortelja at sidan det ikkje var kjøkken, måtte dei ty til naboane når dei skulle mat. Då vart det kokt på Heio, og så vart maten boren i store gryter.

Dei frammøtte fekk ei svært interessann historiestund krydra med artige små opplevingar gjennom åra. I tillegg til at det var svært interessant å høyra på Trygve, vil eg og framheva barnebarnet Tor Ove som kom svært godt frå rolla som godt førebudd intervjuar.



Søstrene Sunniva og Karoline hadde kjekke selskapsleikar.



Jentene vann over gutane i den spennande stafetten skoleiken

Etter dette var det ungdommane som tok seg av neste programinnslag. Sjølv sagt høyrde dei kjekke selskapsleikane med. Med stødig hand styrde søstrene Sunniva og Karoline Ersland Myklebust publikum gjennom tre kjekke leikar. God underhaldning og konkurranseinstinktet kom tydeleg fram både hos unge og eldre i både skoleiken, finneleiken og då dei skulle konkurrera om å vera raskast å få isbitar til å tina.



Nissen vart møtt med munnspelemusikk då han kom med pakkar til barna.

Før det vart matøkt, fekk vi eit skikkeleg bonusinnslag. Trygve A. Haugland hadde teke med seg munnspelet og viste til fulle at han ikkje hadde gløymt gamle kunster frå då han ofte spela til turdansar i Helgheim i krigsåra og åra som fulgte. Han opna med Glade jul før han fulgte opp med gammal reinlendar. Ekstranummer vart forlangt, og då trylla han fram Dansen på måkeskjer. Det var nok mange i salen som hadde lyst å ta seg ein svingom då! I det han var ferdig, kom nissen inn døra, og då slo 90-åringen like godt til med På låven sitter nissen. Tenk dåke den julestemninga!!!

Etter programmet var det som vanleg klart for matøkt før det vart avslutta med gang rundt juletreet.

Etter å ha vore på rundt 30 juletefestar i Vonheim, kan eg slå fast at denne tradisjonen lever vidare i beste velgåande. Ja, forma er stigande, og etter årets fest å dømme, er den på veg mot nye høgder!!



[Uskedal musikklag har spelt på Vonheimsfesten dei 32 siste åra.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland